

Mentorordning – ei kjelde til korleis studieprogram kan forbetrast?

Tone Stokka
Universitetet i Bergen
tone.stokka@uib.no



Foto: Colourbox.com

Mentorgrupper

Mentorordning er eit nytt prosjekt ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, Universitetet i Bergen, der eldre studentar er mentorar for nye studentar det første studieåret. Studentane som begynte på bachelorprogrammet i biologi hausten 2019 blei delt inn i tre mentorgrupper (klasser) leie av to eldre studentar.

Mentorane har hatt jamlege møter med dei nye studentane det første semesteret og fekk i oppdrag å evaluere korleis dei nye studentane har opplevd studieprogrammet sitt så langt. Mentorane gjennomførte evalueringa som ei digital spørjeundersøking.

Studentevaluering

I oktober gjennomførte mentorane ei spørjeundersøking der dei i hovudsak stilte spørsmål om:

Forventningane studentane hadde til studiet på førehand og korleis dei har opplevd dei første månadane på studiet.

Korleis studentane opplever undervisninga i dei tre emna dei tek første semester og korleis desse emna fungerer saman.

Korleis studentane syns tilgangen til relevant informasjon om studiet er og korleis kvalitetene på denne informasjonen er.

Dersom utvalet er studentane som møter jamleg i mentorgruppene var svarprosenten på studentevalueringa på 80%.



Foto: Colourbox.com



Foto: Colourbox.com

Kontaktmøte mellom instituttet og mentorane

I slutten av oktober møttes mentorane og representantar frå instituttet (representantar frå leiinga, programstyret og studieadministrasjonen).

I tillegg til å bli betre kjent med mentorordninga fekk instituttet presentert resultatet av studentevalueringa.

Oppsummering av studentevalueringa:

Studentane var stort sett nøgd med studieprogrammet, men instituttet har fått fleire tilbakemeldingar på ting som kan gjerast betre til neste år.

Kva kom ut av kontaktmøtet?

I tillegg til å få presentert studentevalueringa var det veldig nyttig for instituttet å diskutere moglege løysingar på utfordringane saman med mentorane.

Eit heilt konkret forslag som kan legge betre til rette for at studentane både skal trivast betre på studieprogrammet og føle større tilknytning til instituttet er eit eige rom for bachelorstudentane i biologi.

Instituttet blei også betre kjent med mentorane og mentorprogrammet. Ein positiv effekt av mentorordninga er at dei nye studentane i større grad enn tidlegare har blitt betre kjent med studentane på eldre kull i bachelorprogrammet i biologi.



Foto: Colourbox.com